

Bømlo kommune

Detaljregulering for Urdatangen aust, Langevåg 53/53 m.fl.

Plan-ID: 202505

Planprogram



Dato: 20.06.2025
Revidert: 02.09.2025

INNHALD

1	INNLEIING	3
1.1	BAKGRUNN OG FØREMÅL.....	3
2	PLANLAGT SITUASJON	4
3	GJELDANDE PLANSTATUS	5
4	LOKALISERING OG PLANAVGRENSING	7
5	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	9
5.1	PLANFRAMLEGG MED KONSEKVENSGREIING	9
5.2	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	12
6	FØRINGAR OG RAMMER FOR PLANARBEIDET	12
7	SENTRALE FAGTEMA I PLANARBEIDET	13
7.1	NATURMANGFALD	13
7.2	LANDSKAP.....	14
7.1	STRANDSONE OG FRILUFTSLIV	15
7.2	BORN OG UNGE.....	16
7.3	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	16
7.4	NATURRESSURSAR PÅ LAND OG I SJØ.....	17
7.5	TRANSPORT PÅ VEG	18
7.6	FERDSLE PÅ SJØ: HAMNEOMRÅDE, ANKRING, FARLEI OG FERDSLE	20
7.7	FORUREINING	22
7.8	KLIMAGASSUTSLEPP	23
7.9	ANDRE FAGTEMA	23
7.9.1	Næringsutvikling og sysselsetting.....	23
7.9.2	Grunnforhold og massehandtering	23
7.9.3	Vatn, avløp og overvatn.....	24
7.10	RISIKO OG SÅRBARHEIT	24
8	UTGREIINGSPROGRAM FOR KONSEKVENSGREIING	24
8.1	ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST	24
8.2	METODE	27
8.3	UTGREIINGSTEMA OG KUNNSKAPSGRUNNLAG	28

1 Innleiing

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing (2017). Planprogrammet gjer greie for bakgrunn, innhald og framdrift, samt medverknad og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiinga (KU). Planarbeidet vert utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av tiltakshavar Hovlandshagen Utvikling.

Hovudføremål med ny plan	Næringsføremål, hamneområde i sjø og kai
Planområdets storleik	Om lag 103 daa
Aktuelle problemstillingar	Tilkomst, strandsone, terrengtilpassing, utforming av næringsområde
Krav om konsekvensutgreiing	Ja
Oppstartsmøte	24.04.2025
Godkjenning av varsel om oppstart	27.08.2025
Vedtak av høyring av planprogram	27.08.2025
Varsel om oppstart og høyring av planprogram	
Vedtak planprogram	

1.1 Bakgrunn og føremål

Detaljreguleringa sitt hovudføremål er å legge til rette for meir næringsareal for å kunne vidareutvikle næringsområdet ved Bømlø fiskerihavn. Fiskeri er ei stor næring i kommunen, og Bømlø har 43 % av norsk trålkvote for pelagisk fisk. Bømlø er ein av Noregs største havbrukskommunar målt i tal tilsette. 1.000.000 laksemiddagar blir produsert i kommunen kvar dag, og årleg vert det frakta laks for NOK 5,5 mrd. frå Bømlø.


Vestland fylkeskommune si investering i molo på næringsområdet på Langevåg har ført til auka aktivitet og satsing frå dei næringsdrivande i området, og den har gitt positive ringverknadar til heile Langevågområdet. Det er allereie stor aktivitet i næringsområdet, med føretak knytt til slakting og fiskeforedling, skipsservice og maskinering. Totalt er det dei siste tre åra investert 600-700 mill. kr. i området. For å få full utnytting av næringsområdet, er det nokre utfordringar ved hamneforholda som må løysast. Det er m.a. for få kai-meter, grunne innseglingsforhold og få landstraumanlegg. Dette utgjør barrierar når det gjeld å styrke Bømlø sin posisjon i havrommet. Gjennom utvikling av næringsområdet ved Bømlø Fiskerihavn ligg alt til rette for å skape ei klynge innan fiskeri, havbruk og tilhøyrande tenester. Det er generelt eit stort behov for sjøtilknytte næringsareal, både i kommunen og i regionen.

Det er store synergjar mellom Hovlandshagen Utvikling sine utviklingsplanar og eksisterande verksemd hos private aktørar på Hovlandshagen/Bømlø fiskerihavn. Synergiane og mogelegheitene i Hovlandshagen er årsaka til at Vestland fylkeskommune har peika ut Hovlandshagen (kalla «Den nye Bømlø Fiskerihavn») som éin av 19 hub'ar i fylket som inngår i deira samarbeidsprosjekt «Grøn Region Vestland». Prosjektet skal fremje grøn utvikling av industrien, og eit vesentleg element for å få dette til er at prosjekta fremjar samarbeid mellom offentlege og private aktørar.

Dei største inntektene til Hovlandshagen Utvikling vil truleg i første omgang komme i frå vidareutvikling og utviding av det allereie etablerte næringslivet. Det er derfor essensielt å knytte til seg det eksisterande næringslivet sine interesser for å få til ønska vekst. Det er ambisiøse planar i området, spesielt når det kjem til det eksisterande næringslivet, og aktørane har både løfteevne og realiseringspotensial. Arbeidet med forretningsplan for Hovlandshagen Utvikling er godt i gang, og ein ser allereie konturane av ei hamn som kan få sterk vekst med dei rette føresetnadane. Det er god interesse for området frå eksterne, nye aktørar òg. Både når det kjem til industrirelatert sirkulærøkonomi og for produksjon av nullutsleppsdrivstoff til den maritime industrien. Det vert planlagt for maritim næring/industri i området, t.d. fiskeri, olje- og gass, havvind og logistikk/generell gods.

2 Planlagt situasjon

I tilgrensande næringsområde er det fleire bedrifter som har/er i ferd med å etablere seg, som t.d. Eidesvik havfiske, Bømlo skipsservice, Pedersen maskinering, Hardanger seafood og Bømlo maskin. I alt så er det om lag 110 daa som er teke i bruk i dag, til m.a. lakseslakteri, notbøteri, kai, skipsservice med båtheis opp til 1.000 tonn, base for elektroentreprenør og sjøentreprenør, lager, maskineringsfabrikk, slipp med båtrepasjonar og reiarlag. Kjerneaktiviteten til Bømlo fiskerihavn er å etablere hamneinfrastruktur som legg til rette for maritim og marin aktivitet, og utnytte kortreiste lokale marine ressursar og utvikle berekraftige biomasseprodukt. Verdikjedene er havbruk/sjømat, maritim transport og biogass.



Figur 1 Bømlo fiskerihavn, Grøn region Vestland

Ein er no i ferd med å utvikle resterande areal, og det er behov for areal til å deponere massar i frå planeringa, samstundes som ein ser behov for ytterlegare areal tilknytt næringsområdet. I samband med planering av næringsområdet er det ca. 500.000 pfm³ (prosjektert faste massar) som står att inne på området, og det er behov for å regulere inn tilstrekkeleg utfyllingsområde for desse massane. Om lag 100.000 pam³ (prosjektert anbrakte massar) går med til andre resterande fyllingar på etablert næringsområde.

Utfyllinga er naudsynt for å nytte massane lokalt, og for å kunne ha klart regulert areal til venta vekst i Hovlandshagen i åra som kjem. Det vert planlagt for maritim næring/industri i området, t.d. fiskeri, olje- og gass, havvind og logistikk/generell gods. Hovlandshagen er godt posisjonert for å bli ein leiande hub innan biomasse og sirkulærøkonomi. Området skal vera optimalisert når det gjeld moderne infrastruktur, og ligg i eit rikt fiskeri-område. Hamna kan nytte kortreiste, lokale marine ressursar for å utvikle berekraftige bio-masseprodukt som fiskemjøl og biogass. Hovlandshagen Utvikling kan leggje til rette for sirkulære økonomiske modellar, som går ut på å omdanne avfall og bi-produkt frå den rike fiskeri- og akvakulturindustrien til verdifulle ressursar.

Ut over strategien til Hovlandshagen samla sett, ligg det ikkje føre konkrete planar for det aktuelle området enda, og med bakgrunn i dette er det ønskjeleg å ha ein fleksibel plan, og å leggje til rette for relativt høg utnyttingsgrad. Byggehøgder, utbyggingsvolum og arealutnytting er følgjeleg ikkje konkretisert enda, og vidare planarbeid skal definere og avgrense arealføremål, høgder og volum. Planframlegget vil legge til rette for utfylling i sjø med etablering av nytt næringsareal, med tilhøyrande kai- og hamneareal, samt landstrøm-anlegg på deler av arealet. Det kan òg vera aktuelt med ISPS-hamneanlegg i planområdet.

Ein ønskjer å ha mogelegheit til å etablere landbasert oppdrett på arealet, samt høve til overnatting for tilreisande arbeidarar på anlegget. Det vil i så fall òg leggjast til rette for tilhøyrande laboratoria og kontor i området. Søknadar om løyve til produksjon for akvakultur vil gå gjennom sektorlovverket, og tilhøve knytt til drift av anlegg, sjøvassinntak, avløp og reinsing etc. vert ivaretatt gjennom denne prosessen. Planframlegget må likevel vise at området er eigna for landbasert oppdrett på eit overordna nivå, både med omsyn til relevant infrastruktur, men òg påverknad på vassmiljø og resipient. Det kan òg vera aktuelt med foredling av slakteavfallet i frå lakseslakteria på Bømlø i planområdet.

Det kan òg vera aktuelt med solcelleanlegg og/eller annan fornybar energi i området, for å vera mest mogleg sjølvforsynt med energi.

3 Gjeldande planstatus


I gjeldande kommuneplan for Bømlø kommune 2013-2025 er deler av planområdet synt som omsynssone reguleringsplan skal fortsatt gjelde, medan resterande areal i sjø er avsett til akvakultur og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (FFNF). I framlegg til ny kommuneplan er arealet i sjø avsett til næringsareal og til akvakultur. Sjå Figur 2 som syner planavgrensing i høve til forslag til ny kommuneplan.




Figur 2 Utsnitt kommuneplanens arealdel til venstre, og framlegg til ny kommuneplan til høgre.

Tilgrensande areal er regulert i reguleringsplanane Hovlandshagen gnr. 53, bnr. 73 m.fl. (planID 201207) og Utviding av fiskerihavn Hovlandshagen 53/53 m.fl. (planID 201307). Framlegg til planavgrensing går om lag 15 daa inn i reguleringsplan for Utviding av fiskerihavn Hovlandshagen 53/53 m.fl., for å syne vegtilkomst. Ny plan vil erstatte gjeldande reguleringsplan her.

Det er ikkje kjent at det er nye planar eller andre pågåande prosjekt som grensar til planområdet.




Figur 3 Hovlandshagen gnr. 53, bnr. 73 m.fl. (planID 201207) og Utviding av fiskerihavn Hovlandshagen 53/53 m.fl. (planID 201307)



Figur 4 Utsnitt som syner gjeldande reguleringsplanar i området og plangrense for Urtdatangen aust.

4 Lokalisering og planavgrensning

Planområdet ligg på Langevåg i Bømlo kommune. Planområdet er avgrensa med bakgrunn i behov for næringsareal og hamneområde, samt masseoverskot i tilgrensande nærings- og industriområde. Planområdet ligg til det planerte området i aust, jf. Figur 6 nedst på sida.





Figur 5 Oversiktskart. Planområdet ligg på Langevåg, sør i Bømlo kommune, markert med oransje sirkel i kartet.

Planområdet omfattar deler av gbnr. 53/53 og 132, samt sjøareal ved gbnr. 53/53, 132, 136 og 54/49. Bømlo kommune eig gbnr. 53/53 og 132. Pedersen slipp AS eig tilgrensande eigedomar gbnr. 53/136 og 54/49. Det er ønskeleg å etablere næringsområde med tilhøyrande kaianlegg og hamneområde i sjø. Arealet i sjø er relativt stort, men det er ønskeleg å ha god fleksibilitet til å finna eigna lokalisering i området. Planområdet er om lag 103 daa. Plangrensa vil kunne bli redusert til å berre omfatte areal som det er trong for å regulere.



Figur 6 Satellittfoto frå området, 2025. Kjelde: googlemaps



5 Planprosess og medverknad

5.1 Planframlegg med konsekvensutgreiing

Føremålet med planprogrammet er å definere rammene for planarbeidet, inkludert fastsetjing av tilhøve som skal utgreiast og skildrast nærare i planframlegget. Eit anna føremål er å informere relevante planmynde, organisasjonar og involverte partar, og få innspel til gjennomføringa av reguleringsplanen og konsekvensutgreiinga (KU). Planprogrammet skal sikre tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet.

Planen skal utarbeidast som ei detaljregulering i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3. Planarbeidet er vurdert etter konsekvensforskrifta (2017).

§ 6 b) gir at reguleringsplanar etter plan- og bygningslova for tiltak i vedlegg I alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding. Unntatt frå dette er reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreidd i ein tidlegare plan, og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen. Vedlegg I omfattar følgjande plan/tiltak som kan vera aktuelt for denne planen;

- Punkt 8b) i vedlegg 1: *Nyetablering av farleder, havner og havneanlegg, der skip på over 1.350 tonn kan seile og anløpe.*
- Punkt 24 i vedlegg 1: *Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på meir enn 15.000 m².*

Sjøarealet er ikkje tidlegare konsekvensutgreidd som hamneområde i sjø. Dei tiltaka som er planlagde i området per i dag vil ikkje ha behov for anløp av skip av slike storleikar, og det er såleis ikkje kjent at det vil vera behov for hamn og havneanlegg for skip på over 1.350 tonn. Dersom det vert behov for anløp av skip i den storleiken vil dei nytte kaiane innanfor etablert molo som ligg like nord for planområdet.

Den aktuelle eigedomen er om lag 103 daa. Utan at det er starta planlegging av området, er det grunn til å tru at det vert regulert areal som opnar for samla meir enn 15 daa nye næringsbygg. Næringsområdet er dels konsekvensutgreidd i samband med kommuneplanrulleringa. I forslag til planavgrensing går ein lenger ut i sjø, og inn i akvakulturføremålet, enn forslag til ny KPA. Konsekvensutgreiinga er difor vurdert til å ikkje vera dekkande for området.

§ 7 omhandlar planar som skal behandlast etter energi-, vassressurs- eller vassdragsreguleringslova, eller planar som skal behandlast etter andre lover enn plan- og bygningslova. Dette er ikkje aktuelt for denne planen.

§ 8 omfattar planar og tiltak lista opp i vedlegg II, som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Slike planar skal ikkje ha planprogram eller melding. Vedlegg II omfattar følgjande planar/tiltak som er aktuelt for denne planen:

- 1 f) *akvakultur*
- 10 a) *utviklingsprosjekter for industriområde*
- 10 e) ii. *Bygging av hamner og havneanlegg, herunder fiskehamner og offshorerelaterte hamner*
- 11 J) *Næringsbygg, herunder kjøpesentre som ikke inngår i pkt. 10 b, bygg for offentlig eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål*
- 11 k) *Deponi for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50.000 m³ masse*

Kriteriene for vurderinga av om ein plan eller eit tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn er gitt i **§ 10**, og er gjeve att i tabellen på neste side.

Kriterium § 10	Førebels vurdering
<i>Egenskaper ved planen eller tiltaket omfatter:</i>	
<i>a) størrelse, planområde og utforming</i>	Det aktuelle området er om lag 103 daa og ligg i sjø. Området er ei utviding av eksisterande og regulert næringsområde.
<i>b) bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser</i>	Området er ikkje viktig med omsyn på kjende naturressursar, og det er ikkje registrert dyrka mark innanfor arealet. Om lag 500 meter lenger aust ligg det eit rekefelt og fiskeplass med aktive reiskap (Bømlafjorden), og om lag 300 meter lenger nord ligg det ein fiskeplass for aktive reiskap (Børøyfjorden/Bømlo sør) og fiskeplass for passive reiskap (Børøyfjorden-Hiskosen). Dei to nordre registreringane er no avskorne i frå planområdet av den nye moloen.
<i>c) avfallsproduksjon og utslipp</i>	Det er ingen konkrete planar p.t., men dersom det vert etablert landbasert oppdrett, vil det generelt ha behov for sjøvassinntak og avløp som går ut i sjø. Dette er tilhøve som vert regulert gjennom sektorlovverk i samband med konsesjonsøknad, og som ikkje vert utgreidd gjennom pbl.
<i>d) risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer</i>	Det er ikkje vurdert som sannsynleg at aktivitet innanfor planområdet vil medføre risiko for alvorlege ulukker og/eller katastrofar.
<i>Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:</i>	
<i>a) verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven</i>	Det er ingen verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag, nasjonale fiskefjorder eller laksevassdrag innanfor eller i nærleiken av planområdet. Det er registrert kystlynghei (utvald naturtype) på Urdatangen i Naturbase, men Urdatangen er no planert ned og lokaliteten er tapt. Det er ikkje registrert objekt, område eller kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova i planområdet.
<i>b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv</i>	Det er registrert fleire raudlista fugleartar/artar av stor forvaltingsinteresse i området. Det er ikkje registrert trua naturtypar, men det er registrert større kamskjelførekost i området. Det er mange kulturminnelokalitetar lenger sørvest, der det òg ligg eit KULA-område. Planframlegget vil kunne påverke den registrerte kamskjelførekosten, registrerte kulturminne og KULA-området lenger sørvest.
<i>c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.</i>	Planområdet ligg til/i sjø, tilknytt etablert og regulert næringsområde. Planframlegget kan koma i konflikt med strandsoneverdiar i området. I regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er sjøarealet synt som <i>Sjø og vassdrag generelt, eks. AK</i> . Føresegnene gir at dette er område avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag utan akvakultur som skal detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Områda er fleirbruksområde der dei ulike interessene (t.d. fiske, ferdsel, natur og friluftsliv) er likestilte.

	Det er ikkje planlagd for arbeidsplassintensive verksemdar, som t.d. reine kontorarbeidsplassar innanfor området. Planframlegget vil såleis ikkje vera i konflikt med føringar for samordna areal- og transportplanlegging.
<i>d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet.</i>	Omdisponering av LNF-føremål eller landbruksjord er ikkje aktuelt.
<i>e) økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet</i>	Det er ikkje kjend eller vurdert som sannsynleg at planframlegget vil medføre auka belastning i område der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskridne. Resipienten utanfor planområdet, Bømlafjorden, er registrert med god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand i vann-nett.
<i>f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning</i>	Det er ikkje kjend eller vurdert som sannsynleg at planframlegget vil medføre vass- eller luftforureining som vil medføre helsekonsekvensar for dei som bur i nærleiken. Avstand til nærmaste bustad er om lag 1 km i luftlinje.
<i>g) vesentlig forurensning eller klimagassutslipp</i>	Det er ikkje kjend eller vurdert som sannsynleg at planframlegget vil medføre vesentleg forureining eller klimagassutslipp.
<i>h) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom</i>	Det er ikkje vurdert som sannsynleg at planframlegget vil medføre risiko for alvorlege ulykker som følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum.

Ut frå dette er det, i samarbeid med kommunen, vurdert at planen fell inn under § 6 b) i konsekvensforskrifta, og at planframlegget såleis skal konsekvensutgreiast for enkelte deltema og ha planprogram. Dette då planen vil kunne omfatte tiltak lista opp i vedlegg I, punkt 24: Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmenn-nyttige formål med et bruks-areal på meir enn 15.000 m².

Ein vil kartlegge og utgreie naturmangfald, støy og områdestabilitet i samband med planarbeidet. Ut frå kjent kunnskap om området og planlagde tiltak er det vurdert at følgjande KU-tema vil vera relevante i planarbeidet:

- Naturmangfald inkl. vassmiljø
- Kulturminne/kulturmiljø
- Friluftsliv
- Landskap
- Ferdslø på sjø

Konsekvensutgreiinga skal, så langt det er hensiktsmessig, baserast på Miljødirektoratet sin rettleiar M – 1941. For tema som ikkje inngår i rettleiaren (ferdslø på sjø) vil metodikken tilpassast på ein hensiktsmessig måte. For andre deltema vil vurderingar av verknad for tiltaka planen opnar for bli gjennomført og skildra i planomtalen, men då ikkje ved hjelp av metodikk utarbeidd for konsekvensutgreiingar.

Det fastsette planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiing. Føremålet er å klargjere verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal sikre at disse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, ev. på kva vilkår og/eller med avbøtande tiltak.

5.2 Planprosess og medverknad

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av, eller vert påverka av, planarbeidet.

Alle offentlege organ, fagmynde, interesseorganisasjonar og naboar er høyringspartar, og vil få tilsendt varsel direkte. Andre vert varsla om planarbeidet via kunngjering i avis. Undervegs i planprosessen skal det vurderast behov for folkemøte for å informere om prosjektet og få innspel frå naboar.

Detaljreguleringa skal gjennom følgjande prosess:

- Forslag til planprogram og varsel om oppstart vert lagt ut på høyring til naboar og offentleg mynde, samt varsla i avis.
- På bakgrunn av innspel til varsling, vert endeleg planprogram politisk vedteke.
- Planforslag med plankart, føresegner og planskildring med ROS og konsekvensutgreiing vert utarbeidd på bakgrunn av planprogrammet.
- Planforslaget vert handsama av ansvarleg mynde i kommunen (1. gongs handsaming), og deretter lagt ut på offentleg ettersyn. Naboar og offentleg mynde kan då gi merknadar.
- Innkomne merknader frå offentleg ettersyn vert gjennomgått, og ev. endringar av planframlegget vert utført.
- Planen vert handsama på nytt av kommunen for endeleg godkjenning (2. gongs handsaming).

Førebels tidsplan	
Oppstartsmøte	24. april 2025
Varsel om oppstart/høyring av planprogram	August-september 2025
Planlegging og utarbeiding av konsekvensutgreiing	Haust – vinter 2025/-26
Høyring planforslag	Vår/sommar 2026
Vedtak	Haust 2026

6 Føringer og rammer for planarbeidet

Tilhøve til nasjonale mål og retningslinjer, regionale planar, kommuneplanar og andre relevante planar skal kort gjerast greie for i planarbeidet. Det skal gjerast greie for i kva grad planen samsvarar med gjeldande planar i området.

Nasjonale og regionale føringer og rammer

Relevante lovverk er ikkje lista opp, men ligg til grunn for planarbeidet. Elles legg ein m.a. følgjande føringer og rammer til grunn;

- Nasjonale forventningar til regional og kommunalplanlegging 2023-2027
- Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024)
- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2024)
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Rundskriv H5/18, Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Klimaplan for 2021-2030 (Meld. St. 13 (2020-2021 og Innst. 325 S, 2020-2021)
- Regional plan for klima 2022-2035
- Regional plan for folkehelse 2014-2026
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022-2027
- Regional plan for kultur 2023-2035
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

- Plaststrategi - ein plastfri natur og eit plastfritt Vestland
- Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP)
- Regional plan for Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger, 2017
- Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Regional plan for fornybar energi 2023-2035

Lokale føringar og rammer


- Kommuneplan for Bømlo kommune (gjeldande);
 - Arealdelen
 - Samfunnsdel, 2019 - 2049
 - Planstrategi 2016 - 2020
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, 2016 – 2022
- Kommunedelplan for kulturminne 2021 – 2032
- Trafikksikringsplan 2020-2024
- Hovudplan Vatn og avløp 2016 – 2045

7 Sentrale fagtema i planarbeidet

Sentrale fagtema i planarbeidet vert gjort greie for her. Kapittel 5.1 skildrar kva fagtema som skal konsekvensutgreiast. Andre aktuelle fagtema vil vera del av planomtalen, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3. Kapittel 8 skildrar alternativ som skal utgreiast, metodikk og kunnskapsgrunnlag.

7.1 Naturmangfald

Del av planområdet på land (Urdatangen) er no planert ned i samband med utvikling av tilgrensande næringsområde, medan storparten av planområdet ligg i sjø. Strandsona er såleis ikkje naturleg i planområdet, eller i området rundt. Det er ingen verneområde, prioriterte artar, verna vassdrag, nasjonale fiskefjordar eller laksevassdrag innanfor eller i nærleiken av planområdet. Det er registrert kystlynghei (utvald naturtype) på Urdatangen i Naturbase, men Urdatangen er no planert ned og lokaliteten er tapt. Det er store område med kystlynghei lenger sør.



Figur 9 Utsnitt som syner planavgrønsing og registreringar av naturmangfald i området. ABO

I sjøområda er naturtypen større kamskjellforekomster med verdi viktig registrert. Kamskjellforekomstane inn- går i eit 21.200 daa stort areal som omfattar store areal i Bømlo kommune. I området rundt er det registrert raudlisteartar/artar av stor forvaltingsinteresse; på Kyrholmen er det i Naturbase og Artskart registrert gråmåke og storskarv, og på Urdatangen er det registrert hettemåke (CR), gråmåke (VU), fiskemåke (VU).

Planområdet er ikkje detaljplanlagd, men ei utvikling av området vil medføre verknader på natur og registreringar i området. Planframlegget skal legge til grunn krav til dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag og vurderingar i naturmangfaldlova §§ 8-12.


Det skal gjennomførast kartleggingar av naturmangfald i sjøområdet. Konsekvensutgreiing for naturmangfald skal følgje rettleiar M-1941.

7.2 Landskap

Planområdet ligg søraust i Bømlo kommune, ved Hovlandshagen/Bømlo fiskerihavn på Langevåg. Planområdet ligg i all hovudsak i sjø, ut i Bømlafjorden. Landdelen er no planert ned til ca. kote +2,5. Sjå Figur 5 og Figur 6 for oversiktskart og flyfoto over nærområda til planområdet.

Planområdet ligg i landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, Brede fjordløp og opne fjordmunningar (Bømlafjorden), med landskapsverdi 2 som er vanleg førekomande landskap. I NiN ligg området i vest innanfor Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette med tettsted (LA-TI-K-S-29), beskrive som: *Typen omfatter områder på kystsletta med tilhørende grunne marine områder som ikke er direkte eksponert mot åpent hav. Samanlignet med områder på ytre kyst, har landområdene i typen større grad 'innlandsegenskaper' i form av større nedbørfelt, forekomst av vassdrag, økt arealbruksintensitet, m.m. Områdene hører til den mer kupert delen av kystsletta med vekslende terreng over og under havnivå. Landskapet er tydelig preget av menneskelig arealbruk, med et større tettsted, småby eller konsentrasjoner av fritidsbebyggelse med høy bygningstetthet.*

I aust: Marint dallandskap (LA-TI-M-D), som er beskrive som: *Større sammenhengende, langstrakte fordypninger i landskapet som i sin helhet befinner seg under havnivå.*



Figur 10 Utsnitt som syner NiN-landskapstypar. ABO

Det er innsyn til området frå sjøsida i nord-aust, aust og sør-aust. Planområdet vil bli del av næringsområdet som ligg tilgrensande i nordaust, og vert elles synleg i frå landsida i frå vest og sørvest. Nye tiltak vil i hovudsak bli plassert i ein samanheng med næringsareal som no er under utvikling. Høgde og volum for nye tiltak er pt. ikkje sett.


Det skal gjennomførast ei landskapsfagleg vurdering etter rettleiar M-1941 av korleis tiltaka vil påverke kvalitetar og opplevingsverdi i landskapet. Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjerast i konsekvensutgreiinga. Det skal utarbeidast synlegheitsanalysar som viser kvar planområdet er synleg frå. Dette skal m.a. gjerast ved å illustrere ny utbygging ved hjelp av 3D-illustrasjonar frå ulike perspektiv (nær- og fjernverknader).

7.1 Strandsone og friluftsliv

Planområdet ligg til/i sjø, knytt til etablert næringsområde. Vurderingar knytt til strandsone vil såleis vera relevante i planarbeidet. Sjå figur under som syner potensielt tilgjengeleg strandsone i området. Heile strandsona i området er synt som potensielt tilgjengeleg, med varierende hellingsgrad. Potensielt tilgjengeleg strandsoneareal er definert som «areal i 100-metersbeltet som ikkje er bygningsnært (meir enn 50 meter frå næraste bygg), ikkje er dyrka mark, og ikkje er veg- eller jernbaneareal.» Som flyfoto i Figur 6 syner er dette arealet no planert ned, og ein er i ferd med å byggje ut det tilgrensande regulerte næringsområdet.

Bømlo kommune ligg i sone 3 i statlege planretningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning (SPR).

Ønska arealbruk er sjørelatert næring, med tilhøyrande kai og hamneområde i sjø. I Hovlandshagen vert det planlagt for maritim næring/industri, som t.d. fiskeri, olje- og gass, havvind og logistikk/generell gods. Det er ønskeleg med høg utnytting av området. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokaliserast i tilknytning til annan busetnad. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader. Retnings-linene seier vidare at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad.



Figur 11 Planområdet med 100-metersbeltet til sjø og potensielt tilgjengeleg strandsone skissert. Heile strandsona i planområdet er registrert som potensielt tilgjengeleg.

Strandsone er generelt eit viktig område, for mellom anna friluftsliv, og verknad på friluftsliv knytt til både land/strandsone, sjø og vassdrag skal vurderast i planen. Det stor avstand til nærmaste bustad, om lag 1 km i luftlinje. Verknader for naboar og nærområde på land skal også vurderast i planen.

Temaet Strandsone omfattar både tema landskap, friluftsliv, naturmangfald og kulturminne/kulturmiljø. Temaet vil såleis vera dekkja gjennom desse fire temaa. Planframlegget sin verknad sett i lys av overordna føringar for strandsoneforvaltning skal vurderast her, mellom anna vurderingar opp mot Statlege planretningslinjer og Regional kystsoneplan.

Det er ikkje registrert interesser knytt til friluftsliv eller nærmiljø i det aktuelle området. Området ligg til/i sjø, tilknytt etablert næringsområde på land og molo på begge sider av området i sjø. Planframlegget vil leggje til rette for næringsareal som vil avgrense allmenn bruk av området, og området skal i utgangspunktet ikkje nyttast som friluftsområde. Ein skal i planarbeidet vurdere moglegheit for ålmenta til å gå inn i næringsområdet og langs sjøen.

7.2 Born og unge

Det er ikkje registrert interesser knytt til barn og unge i det aktuelle området. Området ligg til/i sjø, tilknytt etablert næringsområde på land og molo på begge sider av området i sjø. Reguleringsplanen skal leggja til rette for næringsverksemd med tilhøyrande kai- og hamneareal. Det vil truleg vera behov for at heile eller deler av planområdet vert avstengt for ålmenta. Området skal såleis i utgangspunktet ikkje nyttast til aktivitetar for barn og unge. Det er ingen kjend historisk bruk av området som friluftsliv- eller rekreasjonsområde, og heller ikkje som leike- eller opphaldsareal for born og unge. Det er relativt lang veg til næraste busetnad, om lag 1 km i luftlinje, og området ligg ikkje i tilknytning til skuleveg. Det er ingen kjende målpunkt i området for born og unge, då tilgrensande område er og har vore eit industri-/næringsområde. Forhold knytt til tilgjenge for barn og unge samt folkehelse skal vurderast.


7.3 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert objekt, område eller kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova i planområdet. Lenger sørvest ligg det eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA-område): Søre Bømlo – Hespriholmen – Steinalderlandskap. Området er beskrive som:


Innafor holmane i havgapet ligg lune vikar og vågar med gode hamner mellom skrinne bergknattar på Søre Bømlo. Her kjem ein tett på steinalderlandskapet. I steinalderen gjorde eit høgre havnivå desse vikane og vågane til smale sund og låge eid. Desse passasjane gav gode landingstilhøve for lasta med grøntstein, som i store kvanta vart henta ut frå steinbrotet på Hespriholmen. Mange tusen år med uttak av stein, produksjon av steinøkser og vidare utskiping av grøntstein til store delar av Vestlandet i steinalderen har sett rike spor etter buplassar og verkstadområde langs desse sunda. Lokaliteten Sokkamyro i Langevåg er den fremste eksponenten for desse kulturminna, men den høge aktiviteten knytt til førekomsten av grøntstein pregar mest kvar ei vik i dette landskapet. Frå Vika i nord til utmarka sør for Langevåg ligg steinalderbuplassane som eit belte frå holmane ved ytterkysten til innsida av Søre Bømlo. Det som var passasjar og verkstadområde i steinalderen, er no der den dyrka marka, småbruka og hamnene ligg.

Området er synt som omsynssone bevaring kulturmiljø H570 i framlegg til ny KPA. Det er òg Hovland midtre, som i Bømlo kommune sin Kommunedelplan for kulturminne 2021 – 2032 er beskrive som; *Verdifulle kulturlandskap. Biologisk mangfald, lynghei, steinalderbuplassar med svært mange oldtidsfunn.*

Det ligg fleire automatisk freda kulturminne i området på land lenger vest. Dette er buplassar frå Steinalderen.




Figur 12 Utsnitt som syner KULA-området, markert med oransje strek. Kjelde: kulturminnesøk



Figur 13 Utsnitt som syner planavgrensing og registrerte kulturminne i området. ABO

7.4 Naturressursar på land og i sjø


Området ligg til/i sjø, tilknytt etablert næringsområde på land. Det er ikkje registrert myr, skog, dyrka eller dyrkbar mark i det aktuelle området. Naturressursar skal omtalast i planomtalen.



Figur 14 Utsnitt AR5 med planavgrensing. ABO

Det ligg ingen registrerte gyteområde, låssettingsplassar, rekefelt eller fiskeplassar i planområdet. Om lag 500 meter lenger aust ligg det eit rekefelt og fiskeplass med aktive reiskap (Bømlafjorden), som i hovudsak vert nytta av rekefrålarar frå Bømlø og Kvinnherad kommune. Om lag 300 meter lenger nord ligg det ein fiskeplass for aktive reiskap (Børøyfjorden/Bømlø sør), som vert nytta til fiske av makrell og sei. Her ligg òg ein fiskeplass for passive reiskap (Børøyfjorden-Hiskosen), der det vert fiska etter sei. Dei to nordre registreringane er no avskorne i frå planområdet av den nye moloen.

Planarbeidet skal vurdere påverknad av fysiske tiltak i sjø, samt verknad av skipstrafikk som inneber samlokalisering med fiskeriinteresser. Dette vert handsama som ein del av planomtalen, der ferdsle på sjø er eige KU-tema.



Figur 15 Utsnitt av registrerte fiskeriinteresser i nærleiken av planområdet. ABO

7.5 Transport på veg

Tilkomst til området er via fv. 541, og vidare inn kommunal veg Hovlandsvegen. Krysset/avkøyringa til fylkesvegen har relativt god sikt.



Figur 16 Utsnitt Google street-view som syner avkøyringa til næringsområdet i frå fv. 541.

I tilgrensande reguleringsplan er den regulert som offentlig veg heilt ut til enden av den nye moloen på Stora Bleikja. Den er regulert med ei total breidde på 5 meter ved planområdet. Per i dag er vegen opparbeidd og asfaltert, med veglys, nesten heilt fram til planområdet. I følgje Vegkart er fartsgrensa 50 km/t.

I starten av kommunal veg Hovlandsvegen er det i Statens vegvesen sitt Vegkart registrert ein ÅDT på 200, med 10% del lange køyretøy. Ved planområdet er ÅDT 20, med 10% del lange køyretøy.

Det er ikkje regulert, eller etablert, fortau eller gang- og sykkelveg langs vegen. Det er etablert fortau/gang-sykkelveg i frå Langevåg sentrum og fram til MECA-verkstad/bensinstasjon om lag 300 meter sør for Langevåg ferjekai. Det er ikkje registrert trafikkulukker innanfor eller i nærleiken av planområdet.

Det er ikkje busstopp i nærleiken. Det næraste busstoppet er på Langevåg ferjekai, om lag 700 meter lenger vest i luftlinje. Her går det daglege avgangar til Svortland via Langevåg. I tillegg går det ferje til Buavåg i Sveio kommune.

Forventa trafikkmengd knytt til utviding av næringsområdet, når det vert etablert og fullt utbygd, er vanskeleg å estimere då ein ikkje veit kva type verksemdar som vil etablere seg her. Med utgangspunkt i lokalisering og tilgang på kollektivtransport, vil området i all hovudsak vera bilbasert. Det er grunn til å tru at det vil vera arealkrevjande næringar utan nødvendigvis mange tilsette som er aktuelle på området. Planframlegget vil legge til rette for meir næringsaktivitet på området, og såleis tilhøyrande trafikk til og frå området. I tillegg vil området vera særleg attraktivt for sjøretta næringar, og ein kan såleis forvente at ein del trafikk også vil skje sjøvegs (leveransar etc.).

Planarbeidet skal vurdere dagens situasjon og sjå på løysingar og behov for parkering med tilhøyrande infrastruktur og tilkomst. I planprosessen skal ein sjå nærare på trafikkssikkerheita i planområdet og i tilgrensande område, samt forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet, trafikkmonster, parkeringsdekning og -behov og framkome for ulike trafikantgrupper. Det er ikkje planlagt kartlegging av vegstøy som del av planarbeidet, og vegtransport vert ikkje eige tema i konsekvensutgreiinga.



Figur 17 Satellitt-foto som syner opparbeidd veg nesten fram til planområdet. Google-maps


7.6 Ferdslé på sjø: Hamneområde, ankring, farlei og ferdslé

Det er ikkje registrert ankrings-, opplags- eller riggområde i, eller i nærleiken av, planområdet. Det er registrert eit privat ISPS-hamneanlegg i tilgrensande næringsområde (Bømlo skipsservice AS, Bulk, Ventekai, Skipsverft, Annet offshore). Bømlo fiskerihavn opna i 2024, men er ikkje registrert i offentlege databasar enda. I følgje Kystverket har 750.000 m³ med stein blitt plassert på sjøbotnen og etablert det som vert omtala som Noregs største molo. Det er òg registrert nødhamn i Langevåg.




Figur 18 Opning av Bømlo fiskerihavn i 2024. Foto: Ruben Rostad/Kystverket

Hovudleia Langenuen går frå sør til nord i Bømlafjorden, og leia er teikna inn om lag 1.4 km aust for planområdet. Bileia Buavåg går i ferjesambandet Langevåg – Buavåg, om lag 700 meter nord for planområdet.




Figur 19 Planområdet, med farleisareal (grøn skravur), ISPS-hamn (blå sirkel), nødhamn (raud trekant) og navigasjons-innretningar i området.

Det er stor skipstrafikk i Bømlafjorden, og passeringslinja vist i Figur 20 hadde 16.808 passeringar i perioden januar 2024 til april 2025. Dei fleste fartøya som passerte linja har lengd under 24 meter, og det fartøyet som er registrert med størst lengd er 300 meter. Når det gjeld skipskategori er det flest lasteskip som har passert (8.844 registreringar), etterfølgt av offshorefartøy og spesialfartøy (2.465 registreringar).



Figur 20 Passeringar av skip i sjøområda utanfor planområdet. Planområdet er markert med blå sirkel. Kjelde; Kystdatahuset


Passeringslinja under syner òg ferjesambandet Langevåg-Buavåg, og trafikk tilknytt oppdrettsanlegg som ligg nord for Langevåg.



Figur 21 Passeringar av skip i sjøområda utanfor planområdet. Planområdet er markert med blå sirkel. Kjelde; Kystdatahuset

Det er ingen registrerte ulykker i sjøområdet i planområdet, men det er registrert fire ulykker i Langevåg, der tre involverte ferjer og éi ein fiskebåt. Ingen av ulykkene er registrert som alvorlege.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger viser i all hovudsak sjøområda som arealsone sjø og vassdrag generelt (utvida område med akvakultur). Areala rundt er synt som arealsone sjø og vassdrag generelt (eks. akvakultur). Sjå figur under. Føresegnene gir at dette er område avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag utan akvakultur som skal detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Områda er fleirbruksområde der dei ulike interessene (t.d. fiske, ferdsel, natur og friluftsliv) er likestilte



Figur 22 Figur som syner planområdet med grått, samt arealsoner frå regional kystsoneplan. Kjelde: Fylkesatlas.

Planframlegget vil leggje til rette for utfylling i sjø og etablering av næringsområde, og kai med tilhøyrande hamneområde i sjø. Planframlegget vil truleg medføre auka trafikk på sjøen med grunnlag i fleire aktørar i området, meir aktivitet, og kai/djupvasskai. Verknadane av dette for skipstrafikk og ferdsle på sjø vil vera tema for konsekvensutgreiinga. Ferdsel på sjø er ikkje fagtema i M-1941. Konsekvensutgreiinga vil basere seg på metodikk med verdisetting, vurdering av verknad, avbøtande tiltak og konsekvens for delområde slik som i M-1941, men med ei skjønsmessig vurdering av verdi og konsekvens.

7.7 Forureining

Det er allereie etablert næringsverksemdar og kai med tilhøyrande hamneområde i sjø i området som grensar til planområdet. Planframlegget vil leggja til rette for same verksemd i eit større område. Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor planområdet eller i tilgrensande område i dag.

Forureining i form av støy, støv og lys er òg viktige problemstillingar for folkehelsa og nærmiljøet. I tillegg er det eit viktig kunnskapsgrunnlag for å vurdere planforslaget sin verknad for naturmangfald og friluftsliv. Planen vil opne for næringsverksemd med ny kai/djupvasskai og hamneområde i sjø. Hamnedrift fører med seg ulike typar støy gjennom døgnet, og støy frå hamneverksemdar kan vera ein utfordring for nærliggande område. Avstand til nærmaste bustad er om lag 1 km i luftlinje. Planarbeidet må legge føringar for aktiviteten som tek i vare eksisterande busetnad.

Rettleiar M-1941 har følgjande tema som kjem inn under overordna tema forureining: vassmiljø, støy, luftforureining og forureina grunn. Det er ikkje vurdert at støy, luftforureining og forureina grunn er relevante tema i konsekvensutgreiinga. Desse temaa vil verte omtalt i planomtalen og i ROS-analysen, der det skal gjennomførast støyanalysar.

Sjøområda er ein del av vassførekomsten Bømlafjorden. Denne er registrert med god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand i vann-nett. Rettleiar M-1941 skisserer at tema vassmiljø skal utgreiast dersom:

- *det planlegges utbygging i områder med resipienter eller vannforekomster som kan bli berørt av utbyggingen*
- *avrenning og utslipp fra utbyggingen vil påvirke fysiske forhold, vanntemperatur eller kjemiske forhold i vannforekomsten*
- *utslipp fra utbyggingen kan endre miljøtilstanden i vannforekomster i nærheten, eller påvirke mulighetene for å nå miljømålene i vannforskriften*

Det vert planlagd for ei omfattande utfylling i sjø. Dersom det vert etablert landbasert oppdrett i planområdet, vil det vera behov for friskt sjøvatn til produksjonen, og for avløp ut i sjøen. Vassførekomsten vil dermed kunne bli påverka av utbygginga, og det er vurdert at tema vassmiljø er relevant tema i konsekvensutgreiinga.

7.8 Klimagassutslepp

Rettleiaren for konsekvensutgreiing av klima og miljø, M-1941 skisserer følgjande når det gjeld konsekvensutgreiing av klimagassutslepp:

Klimagassutslepp er et aktuelt utredningstema dersom det er grunn til å tro at planen eller tiltaket fører til økning i klimagassutslepp på over 2 000 tonn CO₂-ekvivalenter. Dette kan være aktuelt hvis:

- *det planlegges utbygging over 5 dekar på karbonrike arealer som myr, torvmark eller skogsareal med høy bonitet*
- *det planlegges utbygging som kan gi økt transport, for eksempel ved utbygging av større boligområder mer enn 3 km unna tettsteder eller etablering av besøksintensiv eller arbeidsplassintensiv virksomhet utenfor tettstedsområder*
- *det etableres utslippsintensiv industri*
- *det blir store utslipp fra materialbruk og anleggsarbeid (massetransport, produksjon og transport av materialer)*

Klimagassutslepp er knytt til både arealbruk/nedbygging av karbonrike areal, utbygging som kan gi auka transport, samt utslepp av drift/industri/materialbruk/anleggsarbeid. Planområdet omfattar i liten grad karbonrike areal. Det skal ikkje planleggast for utbygging som er vurdert til å gi vesentleg auka transport. Det skal ikkje planleggast for utsleppsintensiv industri, og det vert heller ikkje store utslepp frå materialbruk og anleggsarbeid. På bakgrunn av dette er det vurdert at klimagassutslepp ikkje vert utgreiingstema i konsekvensutgreiinga.

7.9 Andre fagtema

7.9.1 Næringsutvikling og sysselsetting

Viser til kap. 1.1 og 2. Det er generelt eit stort behov for sjøtilknytt næringsareal i Sunnhordlandsregionen. Rapporten Grøn region Sunnhordland frå Vestland fylkeskommune frå 2021 peikar på tilgang på næringsareal som ein av utfordringane for næringslivet i Sunnhordland. Området ligg relativt sentralt plassert i forhold til Langevåg, som er definert som eit lokalsenter i kommunen. Ei utviding av eksisterande og regulert næringsområde er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære næringsområde, næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremaal i strandsona, og eigna sjøareal til marin næring. Næringsarealet som det vert lagt til rette for vil kunne medverke positivt til fleire arbeidsplassar i kommunen og i regionen. Verknader av planframlegget for næringsutvikling og sysselsetting skal gjerast greie for i planframlegget.

7.9.2 Grunnforhold og massehandtering

Planområdet ligg til/i sjø, og det vil vera naudsynt med ei omfattande utfylling i sjø. Det vil vera naudsynt med nye kartleggingar/undersøkingar knytt til områdestabilitet i sjø i samband med ROS-analysen. I følgje NGU sine kart er tilgrensande område på land registrert som bart fjell.

Store deler av tilgrensande næringsområde er planert og i ferd med å utviklast. Det er masseoverskot i frå dei tilgrensande områda, som no vert planlagd nytta som utfylling i sjø i planområdet. Massar skal i den grad det er mogleg brukast internt i områda, til planering, opprusting og til fylling i sjø i samband med etablering av utvida næringsområde, i tråd med ressurspyramiden. Massehandtering vil verte omtala som del av planarbeidet, på bakgrunn av prinsippa som går fram av ressurspyramiden.

7.9.3 Vatn, avløp og overvatn

Det er offentleg vatn i området, men det er ikkje tilstrekkeleg kapasitet til næring som krev vassmengder ut-over ordinært forbruksvatn i frå wc, handvask etc., som t.d. produksjonsvatn, bunkring båtar m.v. Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS (BVA) gir opp at framtidig auke i vassforbruk må leverast frå Åreid VBA, som set føre tilkopling på Rundøya og ny hovudforsyning Åreid-Rundøya.

Det er følgjeleg ikkje tilstrekkeleg kapasitet til brannvatn i området i dag, med mindre ein koplar til vassleidning ved Rundøya.

Det er privat avløp for næringsområdet i dag. Kommunen ønskjer at avløp vert bygd ut som eit offentleg anlegg. Det kan komme krav om sekundær reinsing på avløp, og plassering og areal må tilpassast dette. Det er planar om ein framtidig felles slamavskiljar i krysset med Urdatangen.

Det skal utarbeidast ein VA-rammeplan i samband med planframlegget, som gir prinsipppløysingar for vasstilførsel, vatn, avløp, brannvatn og overvatn.

7.10 Risiko og sårbarheit

For å kunna redusera omfang av skadar og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Analysen vert utført i samsvar med DSB sin rettleiar om «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» (2018). Akseptkriteria til Bømlo kommune skal òg nyttast.

Planområdet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred eller flaum. Planområdet ligg til/i sjø, og området vil såleis vera utsett for risiko knytt til havnivåstigning og stormflo. Planområdet ligg under marin grense, og områdestabilitet er eit aktuelt tema, som skal vurderast i tråd med rettleiar 1/2019 *Sikkerhet mot kvikkleireskred*. Det er ikkje registrert forureina område innanfor eller i nærleiken av planområdet. Det er registrert gul og raud støysone i tilknytning til fylkesvegen og kommunal veg Hovlandsvegen. Av støyande verksemder i tilgrensande næringsområde er det etablert skipsindustri.

Moglege konsekvensar planlagde tiltak vil ha på beredskaps- og ulukkesrisiko vil verta utgreia gjennom ROS-analysen. ROS-arbeidet og konsekvensutgreiinga vil verta sett i samanheng ved at det ikkje er nødvendig å vurdere same tilhøve to gonger i reguleringsplanen. Ein vurderer at sentrale tema i analysen vil vera støy, ferdsle, ekstrem vêr, stormflo og auka havnivå, samt områdestabilitet ved utfylling i sjø. Det vil vera naudsynt med nye kartleggingar/undersøkingar knytt til støy og områdestabilitet i sjø i samband med ROS-analysen.

8 Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing

8.1 Alternativ som skal utgreiast

I samband med planarbeidet skal det i følgje rettleiar M-1941 skildrast *relevante og realistiske alternativ* i planprogrammet.

Planen sitt hovudføremål er å legge til rette for meir næringsareal for slik å kunne vidareutvikle eksisterande næringsområde på Hovlandshagen. Det er ikkje aktuelt å utvide næringsområdet mot nord og aust, då ein treng tilkomst for ferje og andre båtar inn i Langevågen. Her er det om lag 125 meter mellom Rundøya og næringsområdet. Det er heller ikkje aktuelt å utvide mot sør, då det her er mange kulturminne og KULA-område. Det er også relevant å nemne at utvidingsarealet er tiltakshavar sin eigedom.

Ønska arealbruk er i liten grad i tråd med gjeldande kommuneplan (KPA), men i framlegg til ny KPA er det avsett eit større areal til næring enn i gjeldande KPA. Ved rullering av kommuneplanen sin arealdel spelte Bømlo fiskerihamn inn trongen for ei auke av næringsareal ved utfylling i sjø aust og sør aust for Urdatangen. Dette då arbeidet med utvikling av næringsområdet har avdekka behov for større tilgang til sjø, sjønært areal og areal i sjø. Ei slik utviding av næringsarealet vil posisjonere Bømlo Kommune for å tiltrekke fleire og større industriaktørar til Langevåg innanfor t.d. utbygging av vindkraft til havs og bygging og sjøsetting av større utstyr til oppdrettsnæringa.

I konsekvensutgreiinga av innspelet til rullering av kommuneplanen er det vurdert at ei vidare utbygging sør og søraustover er dels i samsvar med eksisterande bruk av området, og at ei utbygging i området vil vera positivt med omsyn til næringsliv og sysselsetting. Samspelet med akvakulturføremålet i sjø kan gi grunnlag for akvakultur som er kopla til landdelen (anlegg i sjø og funksjonar/oppsamling slam etc. på landsida). Innspelet er vurdert å vera i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære næringsområde, næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, og eigna sjøareal til marin næring. Tiltakshavar ønskjer å utvikle sine eigedomar, som ledd i ei vidareutvikling av eksisterande næringsområde og fiskerihamn.

Alternativ lokalisering i Bømlo kommune

Kva gjeld «relevante og realistiske alternativ» har ein under greidd ut planavklarte alternative næringsområde i Bømlo kommune. Dette vil seie areal som er avsett til næring/industri i kommuneplanen sin arealdel eller i område-/detaljreguleringsplan. Sjå figur under. Nærleik til overordna vegsystem, sjøtilknytt næringsareal og kai er sett som premiss for relevante og realistiske alternativ.

Ein tek ikkje med ferdig utbygde næringsområde, næringsområde som er i ferd med å regulerast for konkrete prosjekt for andre aktørar, eller næringsområde som ikkje ligg til sjø. Følgjande alternative lokaliseringar er vurderte i kommunen:

- Rubbestadneset: Næringsareal i kommuneplanen, inkludert Langøya.
- Øklandsvågen: Næringsareal i kommuneplanen, og reguleringsplan. I bruk av Bremnes Seashore.
- Serklau: Næringsareal i kommuneplanen, og reguleringsplan. Framlegg til ny og utvida reguleringsplan ligg ute til offentleg ettersyn i 2025, grunna behov for større areal hos etablerte aktørar.


Det er vurdert at ingen av desse næringsområda er relevante og realistiske alternativ for alternativ lokalisering i Bømlo kommune, og desse vert dermed ikkje vurderte vidare i planarbeidet. Næringsområdet på Hovlandshagen/Bømlo fiskerhavn er etablert, og det er vurdert at det er ei betre løysing å vidareutvikla denne næringsklynga enn å etablere/introdusere ny næringsverksemd i eit urørt område.

Alternative lokaliseringar i regionen

I samband med arbeidet med Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland vart det kartlagt og kartfesta regionalt viktige næringsområde ved sjø. Desse områda er peika ut på grunnlag av eit sett utvalskriterier. Dei skal ha god tilkomst frå sjøsida, inkludert god tilknytning til hovudfarlei, og romsleg kaiareal med djupvasskai. Dei skal ha kort tilkomst frå hovudvegnettet og hovudleia langs kysten. Områda skal dessutan ha ei viss «tyngd», det vil seie næringsområde som er store i areal, har eit høgt tal på arbeidsplassar, har høg verdiskaping, eller det skal vera ein næringstype som er spesielt viktig for regionen. Det er i tillegg gjort ei fagleg vurdering av kva rolle næringsområda spelar i ein regional samanheng.

Potensielle område (unnateke dei vurderte ovanfor) der det allereie er næringsetableringar i nærleiken vil såleis vera Sørstokken, Grunnvågen, Tømmervik og Eldøyane næringspark i Stord kommune, Svartasmoget, Kjær-elva, Årskog industriområde, Sandvikvåg industriområde og Landa industriområde i Fitjar kommune, Husavik i Austevoll kommune, Tysnes næringspark og Nedrevåge i Tysnes kommune, samt Mølstrevikjo i Sveio kommune. Det er vurdert at dette ikkje vil vera relevante og realistiske alternativ i og med at næringsområdet

i Hovlandshagen/Bømlo fiskerihavn allereie er i bruk av fleire aktørar, der synergiane og mogelegheitene er peika ut som éin av 19 hub'ar i fylket i «Grøn Region Vestland».



Figur 23 Utsnitt frå figur som viser regionalt viktige næringsområde ved sjø. Kjelde; Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Hovlandshagen (planområdet)

Området er allereie i bruk til sjøretta næring. Det er fleire verksemdar som er etablert i området, som ønskjer moglegheit for utviding og utvikling, i tillegg til at Hovlandshagen Utvikling no er i ferd med å ferdigstille ein forretningsplan for utvikling av området i ein heilskap. Lokaliseringa er god med omsyn til sjø- og hamnetilknytt næring.

I følgje rettleiar M-1941 skal det skildrast relevante og realistiske alternativ. Det er presisert at i planar og tiltak der det ikkje finst relevante og realistiske alternativ er det berre planen eller tiltaket som vert konsekvensutgreidd og vurdert opp mot nullalternativet. Vurderingane ovanfor syner at det er ingen andre relevante og realistiske eigna næringsområde i aktuelle kommunar i nærleiken eller i kommunen. Deler av føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for at næringsområdet skal kunne nyttast og utviklast vidare, og lokaliseringa

er såleis på mange måtar gitt. Tilgrensande areal er i bruk til næringsverksemd, og lokaliseringa er god mot. til direkte sjøtilkomst og etablerte verksemdar. Med bakgrunn i dette er det vurdert at det ikkje er planalternativ utanfor planområdet.

I planleggingsfasen er det naturleg å gjennomføre ein analyse over alternative utbyggingsalternativ/utformingar av planområdet. Det vil gjennomførast eit silingsarbeid av utbyggingsalternativa når ein har auka kunnskapsgrunnlaget, og har sett meir på arealbehovet for dei planlagde tiltaka.

0-alternativet: Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ, som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført. 0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar. 0-alternativet i denne plansaka er dagens situasjon og rammene til gjeldande reguleringsplanar og kommuneplan.

Planalternativ: Hovudmålsettinga for planarbeidet er å leggje til rette for næringsverksemd. Ut frå kjent kunnskap og usikkerheit ser ein det som naturleg at alternative utbyggingsalternativ/utforming av planområdet er:

- a) Full utbygging av heile arealet, inkludert kai og hamneområde.
- b) Delvis utbygging av arealet, inkludert kai og hamneområde.

Ein vil i tidlegfase vurdere kva for alternativ som er mest hensiktsmessig, og gjere konsekvensvurdering av valt alternativ.

8.2 Metode

For å kunne analysere føremoner og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Konsekvens kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang av tiltaket innanfor det enkelte tema, inkludert ev. avbøtande tiltak. Ein føresetnad for konsekvensanalysar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Konsekvensane av eit tiltak kjem fram ved å berekne eller vurdere forventa tilstand etter gjennomføring av tiltaket mot forventa tilstand utan tiltaket. Ein må ha ein referansesituasjon, eit 0-alternativ, for å kunne seie noko om konsekvens. Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjerder. Konsekvensutgreiinga vil i hovudsak vera basert på eksisterande kunnskap frå kjente og tilgjengelege databasar og dokument. Det skal i tillegg gjennomførast utgreiing og kartlegging av naturmangfald i sjø i samband med planarbeidet.

Konsekvensutgreiinga skal, så langt det er hensiktsmessig, basera seg på metodikken i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 (2023). Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 vil verta nytta for å vurdere planframlegget for tema naturmangfald, vassmiljø, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og landskap. For tema ferdsle på sjø, som rettleiaren ikkje omfattar, vil metodikken bli tilpassa fagtemaet.

For enkelte utgreiingstema er det hensiktsmessig at konsekvensutgreiinga skil mellom konsekvens for tiltaksområdet og konsekvens for influensområde. Tiltaksområdet famnar om alle område som blir påverka direkte ved gjennomføring av planlagde tiltak. Influensområdet omfattar areal og område rundt tiltaksområdet, der tiltaket kan tenkast å påverke verdiane som vert utgreidd. Ut frå ei samla vurdering av mellom anna funksjon, kvalitet, kvantitet, viktighet og omfang er konsekvensen av tiltaket analysert. Viser til rettleiaren M-1941 for skildring av dei ulike stega og definisjonar av verdi, verknad, konsekvens og konsekvensgrad.

Hovudstega i utgreiinga vil vera:

- 1) Kartfesting og verdisetting av delområde
- 2) Vurdere verknad for delområda
- 3) Vurdere avbøtande tiltak
- 4) Vurdere konsekvensgrad for delområda med grunnlag i konsekvensvifta og ei samanstilling for fagtemaet.

8.3 Utgreiingstema og kunnskapsgrunnlag

Konsekvensutgreiinga vil gå parallelt med planarbeidet og vil bli innarbeidd som ein del av planskildringa, med unntak av naturmangfald inkludert vassmiljø, som vert eigen rapport. Aktuelle tema for konsekvensutgreiinga:

- Naturmangfald inkl. vassmiljø
- Kulturminne/kulturmiljø
- Friluftsliv
- Landskap
- Ferdsle på sjø

Andre aktuelle fagtema vil vera del av planomtalen, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3. Det vil avklarast potensiale for nye funn av kulturminne og kulturmiljø som del av planarbeidet.

Utgreiingstema	Eksisterande kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømmande)	Nye kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget
Naturmangfald, inkl. vassmiljø	Naturbase Artskart/Artsdatabanken Vannportalen Kystnære fiskeridata, Fiskeridirektoratet Lokalkunnskap Grunnforhold (forureining) Vannmiljø (miljødirektoratet) Vannportalen VannNett-Portal (vann-nett.no)	Kartlegging av naturmangfald i sjø Djupnekartlegging
Kulturminne og kulturmiljø	Askeladden Kommunedelplan for kulturminne 2021 – 2032	Synfaring Synlegheitsanalyse Visualisering av ny utbygging
Friluftsliv	Kommuneplanen sin arealdel Naturbase (Regionalt viktige friluftslivområde og stat- leg sikra friluftslivområde) Turrutedatabasen Ut.no	Synfaring Synlegheitsanalyse Visualisering av ny utbygging
Landskap	Kommuneplanen sin arealdel Grunnkart som syner busetnad Nasjonalt referansesystem for landskap Landskapstyper ved kyst og fjord i Hordaland Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, Aurland Naturverkstad, rapport 07-2011	Synfaring Synlegheitsanalyse Visualisering av ny utbygging
Ferdsle på sjø	Kommuneplanen sin arealdel Kyst-info Kystdatahuset Yggdrasil	

ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Postadr.: Pb. 32, 5401 Stord
Besøksadr.: Torgbakken 9
poststord@abo-ark.no